



STORTINGET

Innst. 486 S

(2020–2021)

Innstilling til Stortinget
fra energi- og miljøkomiteen

Dokument 8:215 S (2020–2021)

Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om å stanse nedbygging av natur

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringen utrede og komme tilbake med prinsipper og verktøy for hvordan arealnøytralitet kan oppnås, som innebærer at det ikke skal ødelegges mer natur. Dersom det er nødvendig å gjøre inngrep i natur ved nye utbygginger, skal det restaureres minst tilsvarende areal av natur av tilsvarende type og kvaliteter i nærområdene.
2. Stortinget ber regjeringen trappe opp arbeidet med naturkartlegging og styrke organiseringen av kartleggingsarbeidet, slik at det kan sikres at den verdifulle naturen i Norge kartlegges innen 2030.
3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et byggeforbud på våtmark. Gitt våtmarkenes unike karbonlagringseffekt (som dertil medfører økte klimautslipp ved nedbygging) og deres essensielle posisjon som habitat for arter bør det unngås all unødvendig bygging på disse områdene. Byggeforbudet kan innføres i plan- og bygningsloven, slik det i dag er et byggeforbud i strandsonen.
4. Stortinget ber regjeringen fremme forslag som sikrer at alle nye kjøpesentre og varehus kun kan etableres på områder som allerede er utbygget, ikke på urørt natur eller jordbruksmark.

5. Stortinget ber regjeringen etablere systemer for kvalitetssikring av kartleggingsfirmaer og stille krav om uavhengig kartlegging av naturmangfold ved større utbyggingsprosjekter og arealbruksendringer.
6. Stortinget ber regjeringen sikre at det innen 2025 er utarbeidet nasjonale verneplaner som særlig ivaretar områder som i dag ikke er vernet i tilstrekkelig omfang og med god representativitet, blant annet kulturlandskap, skog, våtmark og kystområder.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsmund Aukrust, Espen Barth Eide, Ruth Grung, Else-May Norderhus og Runar Sjøstad, fra Høyre, Liv Kari Eskeland, Stefan Heggelund, Aase Simonsen og Lene Westgaard-Halle, fra Fremskrittspartiet, Terje Halleland og Gisle Meininger Saudland, fra Senterpartiet, Sandra Borch og Ole André Myhrvold, fra Sosialistisk Venstreparti, Lars Haltbrekken, fra Venstre, lederen Ketil Kjenseth, fra Kristelig Folkeparti, Tore Storehaug, og fra Miljøpartiet De Grønne, Per Espen Stoknes, viser til Dokument 8:215 S (2020–2021) fra representant Bjørnar Moxnes om å ta vare på natur og vil understreke at tap av natur er en av de store krisene verden står overfor. Samtidig innebærer all menneskelig aktivitet naturinngrep i noen grad. Derfor er det viktig å balansere ivaretagelse av naturen med å ivareta verdiskapingen over hele landet. Norge er

heldig stilt med en variert, frodig og ren natur, og det bør være et mål å overlate den flotte norske naturen i minst like god stand til neste generasjon. Komiteen vil understreke at 2021 blir et spesielt viktig år for natur og biologisk mangfold med forhandlingene knyttet til FNs naturavtale.

Komiteen viser ellers til brev av 26. april 2021 fra statsråd Sveinung Rotevatn. Brevet er vedlagt innstillingen.

Komiteen viser til at vi mennesker de siste tiårene har redusert det globale naturmangfoldet vesentlig og påvirket klodens økosystemer slik at tilstanden for mange av disse er dårligere enn før. Klimaendringene er en tilleggsbelastning. Noen økosystemer er så belastet at de ikke lenger leverer de godene som mennesker er avhengige av.

Situasjonen for naturmangfoldet i Norge er på mange områder likevel mer positiv, men komiteen vil understreke at det også finnes utfordringer. Arealbruk og omdisponering av areal til for eksempel vei- og boligbygging, industri og næringsformål er viktig for samfunnet, men er samtidig den faktoren som har størst innvirkning på naturmangfoldet på land. Havforsuring, forurensing og spredning av fremmede arter er andre faktorer som påvirker naturmangfoldet. Klimaendringene påvirker allerede økosystemene våre negativt. Disse endringene vil få økende negativ betydning også for annen natur framover.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til at det nettopp derfor satses spesielt på dette området fra regjeringens side, gjennom syv hovedpunkter:

1. En mer treffsikker forvaltning av naturen
2. En klimatilpasset naturforvaltning
3. Styrking av kommunenes kompetanse om naturmangfold
4. Innsats for truet natur
5. Bevaring av et representativt utvalg av norsk natur
6. Kunnskapsbasert forvaltning
7. Skreddersydde løsninger for de ulike økosystemene

Videre vil disse medlemmer vise til at det allerede foretas den kartleggingen forslagsstilleren etterlyser, nemlig naturkartleggingen som skjer etter Artsdatabankens system, Natur i Norge (NiN). I tillegg til dette vil det være viktig å øke innsatsen for å innhente og samle kunnskap om natur- og landskapstyper, arter og miljøvariabler gjennom økologiske grunnkart.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet viser til at Senterpartiets linje når det gjelder bruk av natur, har vært å legge til rette for en fornuftig bruk og forvaltning av naturressursene våre, tuftet på forvaltertankegangen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Senterpartiet viser videre til at vi skal leve av og i naturen også fremover, og at grunnlaget for vurderinger knyttet til arealbruk og forvaltning av naturen må være tuftet på et politisk nøytralt kunnskapsgrunnlag og gjøre det mulig å balansere naturverdier og vern av disse opp mot det tiltaket eller den aktiviteten som er nødvendig for at folk skal kunne bo og drive i dette landet. Disse medlemmer vil understreke at inngrep som må gjøres som følge av dette, åpenbart skal skje på en skånsom og fornuftig måte.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet mener arealnøytralitet kan være et fornuftig mål, og er åpenbart enig i at kjøpesentre ikke skal bygges på dyrka mark, men viser til at Senterpartiets linje er at det ligger til det lokale selvstyret å være reguleringsmyndighet. Disse medlemmer mener at arealbruk og naturinngrep er et gjennomregulert område i Norge, og er tvilende til om mer utredning og etablering av flere systemer og organisasjonsmodeller for videre naturkartlegging faktisk er nødvendig eller vil løse de problemene som representantforslaget omhandler

Disse medlemmer mener at representantforslaget berører flere viktige tema, men at listen over forslagene ikke gir en helhetlig tilnærming til de store spørsmålene som reises. Disse medlemmer mener at noe av det viktigste i denne sammenheng er hvordan vi bruker kunnskapen vi har, og hvem som har ansvar for å innhente kunnskap som skal brukes i arbeidet med beslutninger i politiske- og byråkratiorgan.

Disse medlemmer vil understreke at Norges land- og sjøarealer – vår natur – fra historisk tid har vært i bruk for å skaffe folk det de trenger til livsopphold. Slik må det fortsatt være. Gjennom fotosyntesen produseres det fornybare naturressurser – torsk, tømmer og timotei – fra primærnæringene. Det er, slik disse medlemmer ser det, avgjørende viktig at denne produksjonen skjer på en slik måte at samspillet i naturen (økologien) ivaretas, og at produksjonen derved kan være evigvarende. Disse medlemmer vil understreke at man i tillegg, ved all arealbruk, ivaretar flerbruksinteresser slik at eksempelvis landbruksinteressene balanseres opp mot befolkningens behov for attraktive rekreasjonsområder innenfor allemannsrettens prinsipper.

Disse medlemmer viser til at forvaltertankegangen ligger til grunn for Senterpartiets syn på bruk av naturen. Det er ikke rett eller klokt å ta natur ut av en slik bruk, da det vil innebære større belastning på andre arealer eller, som i dag, stor avhengighet av fossilt karbon, noe som gir høye konsentrasjoner av CO₂ i atmosfæren og derved skaper klimaproblemer.

Disse medlemmer vil understreke at særlig verdifulle arealer (sjø og land) bør vernes, og at vern innebærer at arealene tas ut av ordinær produksjon.

I motsetning til dagens vernepolitikk hvor det legges opp til at en vilkårlig prosentandel av det norske arealet skal vernes, eksempelvis slik tilfellet er med barskog, må følgende spørsmål besvares ved ethvert vern: Hva skal vernes? Hvorfor skal det vernes? Hvordan skal det vernes? Hvor skal det vernes?

Disse medlemmer mener at når folkevalgte verner et område, så må det følges opp av en forvaltningsplan slik at det klart definerte formålet ivaretas. Det er, slik disse medlemmer ser det, viktig at forvaltningsplanen ikke settes ut på anbud, men realiseres av offentlige organ eller ideelle organisasjoner på langsiktig basis.

Disse medlemmer vil understreke at kartlegging av norsk natur må utføres etter den metoden som er utarbeidet av Naturhistorisk museum i Oslo, nemlig Natur i Norge (NIN). Dette er, slik disse medlemmer ser det, en objektiv, vitenskapelig, etterprøvbart kartleggingsmetode som må utgjøre det økologiske grunnkartet som Artsdatabanken skal presentere. Dette kartet vil på denne bakgrunn ha tillit hos alle brukere av natur på samme måte som eksempelvis kvartære geologiske kart. Videre lager så ulike brukere av naturen, eksempelvis skogbrukere eller naturvernere, sine egne kart ut fra sine formål. Disse medlemmer mener at de folkevalgte må avgjøre rammene for bruk av natur gjennom overordnede planer og lovverk, eksempelvis skogbrukslovgivningen og naturmangfoldslovgivningen.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at prioriteringene innen naturforvaltningen innskjerpes ved at faglige råd i større grad enn hittil skal innhentes, og ved at det utarbeides en helhetlig plan med konkrete forslag til prioriterte arter og utvalgte naturtyper, basert på eksplisitte kriterier for prioritering av arter og utvelgelse av naturtyper, før videre bruk av disse virkemidlene i naturmangfoldloven.»

«Stortinget ber regjeringen innføre krav om at det blir trukket et konsekvent og klart skille mellom kunnskapsprodusenter og brukere av denne kunnskapen, og at all offentlig finansiert kartlegging av naturmangfold skal utføres etter allmenne standarder for verdinøytrahet og kvalitet.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne viser til den omfattende nedbyggingen av norsk natur det er åpnet for fra den sittende regjering. Det er foretatt liberaliseringer av regelverket, samt at regjeringen har bedt om at statsforvalteren i langt mindre grad engasjerer seg for å ta vare på viktige naturområder.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede og komme tilbake med forslag om en nullvisjon for tap av natur.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen styrke arbeidet med å kartlegge all natur i Norge, slik at man kan sikre den verdifulle naturen.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede et byggeforbud på våtmark.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme med forslag som bedre enn i dag sikrer dyrka mark og viktige naturområder i forbindelse med nye utbygginger.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen etablere systemer for kvalitetssikring av firmaer som gjennomfører naturkartlegginger i forbindelse med utbyggingssaker.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå verneplanene og komme med forslag som raskt sikrer beskyttelse av naturområder som i dag ikke har god nok beskyttelse.»

Forslag fra mindretall

Forslag fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen styrke arbeidet med å kartlegge all natur i Norge, slik at man kan sikre den verdifulle naturen.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen komme med forslag som bedre enn i dag sikrer dyrka mark og viktige naturområder i forbindelse med nye utbygginger.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringen gjennomgå verneplanene og komme med forslag som raskt sikrer beskyttelse av naturområder som i dag ikke har god nok beskyttelse.

Forslag fra Senterpartiet:**Forslag 4**

Stortinget ber regjeringen sørge for at prioriteringene innen naturforvaltningen innskjerpes ved at faglige råd i større grad enn hittil skal innhentes, og ved at det utarbeides en helhetlig plan med konkrete forslag til prioriterte arter og utvalgte naturtyper, basert på eksplisitte kriterier for prioritering av arter og utvelgelse av naturtyper, før videre bruk av disse virkemidlene i naturmangfoldloven.

Forslag 5

Stortinget ber regjeringen innføre krav om at det blir trukket et konsekvent og klart skille mellom kunnskapsprodusenter og brukere av denne kunnskapen, og at all offentlig finansiert kartlegging av naturmangfold skal utføres etter allmenne standarder for verdinøytralitet og kvalitet.

Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne:**Forslag 6**

Stortinget ber regjeringen utrede og komme tilbake med forslag om en nullvisjon for tap av natur.

Forslag 7

Stortinget ber regjeringen utrede et byggeforbud på våtmark.

Forslag 8

Stortinget ber regjeringen etablere systemer for kvalitetssikring av firmaer som gjennomfører naturkartlegginger i forbindelse med utbyggingssaker.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:215 S (2020–2021) – Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om å stanse nedbygging av natur – vedtas ikke.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 18. mai 2021

Ketil Kjenseth

leder

Lene Westgaard-Halle

ordfører

VEDLEGG



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi- og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
21/1252-

Dato
26. april 2021

Svar på representantforslag 215 S (2020-2021) om å stanse nedbygging av natur

Eg viser til brevet frå Energi- og miljøkomiteén den 19. april 2021, der det er bedt om svar på representantforslag frå stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om å stanse nedbygging av natur.

Regjeringa la i 2015 fram ein heilskapeleg og tverrsektoriell politikk for naturmangfald i Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*. Meldinga fekk brei støtte i Stortinget og blei styrka gjennom Stortinget si handsaming. Med bakgrunn i denne meldinga har regjeringa tatt fleire grep for å sikre meir og betre natur i Noreg.

Naturen er sjølve livsgrunnlaget vårt. Arealendringar er, slik representanten peiker på, den største negative påverknaden på natur i Noreg og det er ikkje tvil om at vi må ha meir effektiv arealbruk. Samtidig er det slik at omsynet til naturmangfald må vurderast opp mot andre viktige samfunnsomsyn i mange avgjerder om areal. For å kunne gjere gode avvegingar, er kunnskap heilt sentralt: vi må ha kunnskap om mangfaldet av natur, kvar det er, korleis det utviklar seg over tid og korleis vi skal klare å ta vare på det for framtida.

Regjeringa har gjort mykje for å sikre ei berekraftig naturforvaltning, og eg vil komme nærare inn på dette i mine kommentarar til dei konkrete forslaga frå representanten.

- 1. Stortinget ber regjeringa greie ut og komme tilbake med prinsipp og verktøy for korleis arealnøytralitet kan bli oppnådd, som inneber at meir natur ikkje blir øydelagd. Dersom det er nødvendig å gjere inngrep i natur ved nye utbyggingar, skal det bli restaurert minst tilsvarande areal av natur av tilsvarande type og kvalitetar i nærområda.**

Arealnøytralitet, eller null netto tap av natur, er ikkje eit uttrykkeleg mål vi har i Noreg i dag, og omgrepet er heller ikkje klart definert. Internasjonalt blir det diskutert eit nytt, globalt mål om meir og betre natur i det kommande nye rammeverket under FN-konvensjonen om biologisk mangfald, men heller ikkje der er det endelege formuleringar som ein så langt har blitt einige om. Både kvantitative element og kvalitative element inngår når det er tale om "arealnøytralitet": Det handlar om å avgrense det samla arealet som byggast ned gjennom færre inngrep, fortetting og gjenbruk av areal og restaurering, og det handlar om å redusere negative påverknader på areal som forureining og fjerning av framande artar. Regjeringa bruker i dag ei rekke verkemiddel for å redusere nedbygging av grønne areal og for å forbetre tilstanden. Blant anna går det fram av dei nasjonale forventningane til kommunar og fylkeskommunar at det er "viktig å redusere nedbygging av dyrka mark og natur", og at det skal leggjast til rette for fortetting og transformasjon før nye utbyggingsområde blir tatt i bruk. Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging gir den same føringa. Regjeringa har i klimameldinga varsla at ein vil utvikle ein konkret strategi for å hindre nedbygging av myr. Dessutan prioriterer regjeringa allereie restaurering av myr og anna våtmark, og ei rekke vassførekomstar.

Eit anna verktøy for å bidra til arealnøytralitet er økologisk kompensasjon. Regjeringa har vedtatt prinsipp for økologisk kompensasjon for den mest verdifulle naturen. Utgangspunktet er likevel at vi heller skal søke å unngå tap av verdifull natur enn forsøke å restaurere. Å førebygga tap vil ofte vere mindre kostbart for samfunnet enn å reparere. Ein del typar natur er det heller ikkje mogleg eller svært vanskeleg å skape på nytt. Eit rekkefølgekrav om å unngå, avbøte, restaurere og kompensere ligg i dag allereie i konsekvensutgreiingsreglane.

Arealnøytralitet krev eit system for å halde oversikt over bruk og ivaretaking av ulike typar natur, til dømes i form av eit nasjonalt arealrekneskap. Miljødirektoratet leverte i fjor ein rapport om arealtall for natur/grønne areal som gir oversikt over kva vi har av statistikk i dag, og kva som manglar. Det er krevjande problemstillingar som Klima- og miljødepartementet no vurderer nærare. Viss ein skal erstatte areal som blir bygga ned med areal av tilsvarande type og kvalitet i nærområda, slik representanten foreslår, vil det stille krav om detaljert kunnskap om alle naturareal i Noreg. Regjeringa har jobba kontinuerleg med å auke kunnskapen vi har om norsk natur, blant anna har regjeringa auka innsatsen med naturkartlegging og satt i gong arbeidet med eit økologisk grunnkart.

2. Stortinget ber regjeringa trappe opp arbeidet med naturkartlegging og styrke organiseringa av kartleggingsarbeidet, slik at det kan sikrast at den verdifulle naturen i Noreg kartleggast innan 2030.

Offentleg finansiert naturkartlegging i Noreg skjer etter Artsdatabanken sitt system for å skildre naturen vår, kalla Natur i Norge (NiN). Dette blei bestemt av Stortinget i 2015. Klima- og miljødepartementet har difor gitt Miljødirektoratet i oppdrag om å følge Stortinget si avgjerd ved å kartlegge natur etter denne metoden.

Formålet med kartlegginga av naturtypar er å sikre at god og oppdatert kunnskap om natur ligg tidleg føre i planprosessar knytt til mellom anna samferdselsprosjekt og energiprojekt. At kunnskapen er tilgjengeleg på eit tidleg tidspunkt, gjer det lettare å ta omsyn til den viktige naturen. Tidleg kunnskap bidrar òg til å sikre god planlegging og effektive prosessar med færre overraskingar, ved at det i mindre grad blir behov for supplerande kunnskapsinnhenting. Område med stor aktivitet og stort utbyggingspress blir i samsvar med Meld. St. 14 (2015-2016) kartlagt først.

Eg meiner at NiN i dag eignar seg godt til formålet, og at verktøyet blir brukt slik Stortinget har bestemt. Vi kartlegg naturtypar for å gi data for forvaltning og politiske avgjerder, og dette leverer vi på. Kartlegginga har ein effektiv, heildigital dataflyt der kunnskapen blir gjort tilgjengeleg for alle så snart den er kvalitetssikra. Vi kartlegg etter føringane frå Stortinget ved at vi kartlegg etter NiN-systemet, vi sikrar mest mogleg objektive data og vi skil mellom den mest verdifulle naturen og anna natur, som eit grunnlag for god arealplanlegging. Gjennom naturtypekartlegginga etter NiN har vi no til saman kartlagt eit område på rundt 5600 km² - det svarar til om lag 12 gonger arealet av Oslo kommune. Vi vil halde fram med kartlegginga og fortsette å søke å ta i bruk og utvikle ny teknologi for å kartlegge og overvake natur og arealendringar.

Regjeringa har vidare auka innsatsen for å innhente og samle god stadfesta kunnskap om natur- og landskapstypar, arter og miljøvariablar gjennom arbeidet med nettportalen for økologiske grunnkart som Artsdatabanken drifrar. Økologiske grunnkart gir oss eit viktig kunnskapsgrunnlag for å forvalte areala våre ved at for eksempel kommunane enkelt kan få oversikt over sin natur, lettare dele informasjon mellom regionar og sørge for at utbygginga skjer med omsyn til heilskapen i norske naturverdiar.

3. Stortinget ber regjeringa fremme forslag om eit byggeforbud på våtmark. Gitt våtmarkene sin unike karbonlagringseffekt (som dertil medfører auka klimautslepp ved nedbygging) og deira essensielle posisjon som habitat for artar bør all unødvendig bygging på desse områda bli unngått. Byggeforbodet kan innførast i plan- og bygningslova, slik det i dag er eit byggeforbod i strandsona.

Slik representanten peiker på, er våtmark viktig for både naturmangfald og klima. Våtmarkene er viktige hekke- og rasteplassar for mange trekkfuglar, og mange fuglar overvintrar i våtmark eller held til der mens dei skiftar fjør. Reduksjon i areal og tilstand har

ført til at vi finn 19 naturtypar i våtmark på Norsk raudliste for naturtypar 2018, av desse er 14 vurdert som trua. Om lag 15 prosent av dei trua artane våre lever i våtmark. Regjeringa har tatt grep for økosystemet våtmark. Vi har innført eit forbod mot å nydyrke myr. I Klimaplanen har vi varsla ei rekke tiltak for å redusere nedbygging av natur. Nokre er generelle, men vil også gjelde for våtmark.

Regjeringa vil arbeide for at kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar skal få god rettleiing og gode verktøy slik at dei kan ta omsyn til karbonrike areal i arealplanlegginga. Det inneber mellom anna å ta særleg omsyn til myr. Regjeringa vil legge vekt på at arealplanlegginga bør fremme utviklinga av kompakte byar og tettstader, og at potensialet for fortetting og ombruk av allereie utbygde areal bør utnyttast før nye utbyggingsområde blir tatt i bruk. Det er viktig å redusere nedbygging av natur generelt, men sidan myrene er spesielt viktige både for karbonlagring og naturmangfald, vil regjeringa lage ein konkret strategi for å hindre nedbygging av myr.

Regjeringa vil òg vurdere å innføre eit forbod mot å opne nye torvuttak og vurdere tiltak med heimel i plan- og bygningslova for å unngå at det blir gitt løyve til nye uttak fram til spørsmålet om forbod er avklart.

4. Stortinget ber regjeringa fremme forslag som sikrar at alle nye kjøpesenter og varehus berre kan bli etablert på område som allereie er bygd ut, ikkje på urørt natur eller jordbruksmark.

Kommunane har ansvar for å gjennomføre arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Lokale planar skal utarbeidast i samsvar med overordna planar og retningslinjer. Gjennom Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023 understrekar regjeringa at kommunar og fylkeskommunar skal legge berekraftmåla til grunn for si planlegging. Her blir det mellom anna peikt på kompakt byutvikling, og det er uttrykt ei forventning om at viktige jordbruksområde sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

Statlige planretningslinjer etter plan- og bygningslova § 6-2 blir brukt for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga, og markere nasjonal politikk på viktige område. Det er mange omsyn som skal bli varetatt i arealplanlegginga. Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging skal fremme ein samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling i heile landet og fremme helse, miljø og livskvalitet. Retningslinjene skal leggest til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova, men også ved enskildvedtak som statlege, regionale og kommunale organ treffer etter plan- og bygningslova og anna lovgiving.

I desse retningslinjene står det: "Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud kan lokaliseres ut fra en regional helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter."

Vidare står det "Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttes før nye utbyggingsområder tas i bruk." Eg meiner omsynet til natur og jordbruk er godt varetatt i retningslinjene, og i nasjonal politikk for øvrig. Samtidig er eg opptatt av at det skal vere moglegheiter for utvikling som sikrar fortsett vekst i Noreg. Å styre alle handelsetableringar til område som allereie er bygd ut vil kunne legge for sterke avgrensingar på moglegheitene for fortsett utvikling, og gi uheldige regionale utslag. Eg vil òg understreke at dette ansvaret i utgangspunktet ligg til kommunane, og at regjeringa ikkje ønsker å avgrense det kommunale sjølvstyret meir enn nødvendig. I denne samanhengen vil eg også vise til at statlege og regionale organ kan fremme motsegn til kommunale planar i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning. Det er difor ikkje naturleg for regjeringa å gå vidare med dette forslaget.

5. Stortinget ber regjeringa etablere system for kvalitetssikring av kartleggingsfirma og stille krav om uavhengig kartlegging av naturmangfald ved større utbyggingsprosjekt og arealbruksendringar.

Eitt av dei viktigaste tiltaka for å sikre kvalitet i kartlegging i konsekvensutgreiingar er at alle som skal kartlegge naturtypar på land må nytte Miljødirektoratets sin kartleggingsinstruks med tilhøyrande NiN-app. Her er det på førehand definert kva naturtypar som skal kartleggast og korleis dette skal gjerast. Dataflyten er heildigital, kartleggingsresultata blir lagra i ein hovudbase og gjort offentleg tilgjengeleg slik at alle kan sjå kva som er registrert i området - uavhengig av om kartlegginga er utført i regi av Miljødirektoratet eller eksterne oppdragsgivarar. Dette gir ein mykje større transparens til datamaterialet.

Sidan metoden er standardisert, med resultat tilgjengeleg for alle, samt at kartlegging i fleire tilfelle finnast i forkant av arealprosessar, er det mange instansar som sikrar moglegheit for etterprøving og sjølvstende i kartlegging.

For at kartleggarar på oppdrag frå eksterne skal få tilgang til NiN-app må dei oppfylle krav til kompetanse. Så sjølv om ein ekstern oppdragsgivar ønsker å vekte pris høgt og kvalitet lågt i anbudsrunder, må kartleggingspersonellet uansett ha eit minimum av kompetanse for å kunne utføre kartleggingsoppdraget. Alle oppdrag skal ha definert éin til tre nøkkelpersonar kor minst éin av desse skal ha praktisk erfaring med naturtypekartlegging basert på Natur i Norge versjon 2 (NiN2). Nøkkelpersonane har ei spesielt viktig rolle i oppdraget med hovudansvar for opplæring og kartlegging i felt. De har også eit overordna ansvar for kvaliteten på data som blir levert til hovuddatabasen.

Miljøforvaltinga krev òg at eksterne oppdragsgivarar krev at kartleggingsfirmaet har ein opplæringsplan, og Miljødirektoratet oppfordrar dei til å krevje at firmaet rapporterer på at opplæringsplanen er følgd. Miljødirektoratet arrangerer årleg kurs (webinar) for kartleggarar, der alle som har rolle som nøkkelperson i eit oppdrag må delta. I tillegg gjennomførast ei såkalla kalibreringssamling for å bidra til at kartlegginga blir utført på ein så lik måte som mogleg på tvers av oppdraga.

Den tekniske kvalitetssikringa av kartleggingsresultata er det Miljødirektoratet som står for – sjølv om kartlegginga er utført på oppdrag frå eksterne. Slik blir det også mindre risiko for at ein oppdragsgivar kan påverke resultata til deira fordel.

Ein kan i den tekniske kvalitetssikringa i liten grad kontrollere om resultata ein finn på kart faktisk stemmer overeins med det kartleggaren faktisk observerte eller burde ha observert i felt. Det blir difor sett på om det er mogleg at Statsforvaltaren, som kjenner dei lokale forholda betre, kan bidra til å betre den naturvitskaplege kvalitetssikringa av kartleggingsresultata i framtida.

Miljødirektoratet og Riksantikvaren arbeider kontinuerleg med å betre rettleiinga om konsekvensutgreiingar, og det blei presentert ny metodikk for utgreiing av miljøomsyn før jul. Som grunnlag for nye tiltak for å betre konsekvensutgreiingar, er det blitt gjennomført ei ekstern vurdering av konsekvensutgreiingar for ulike tiltak dei siste fem åra. I stortingsmeldinga om vindkraft på land frå 2020 blei det også varsla tiltak for å betre konsekvensutgreiingar til nye vindkraftanlegg, og dette blir det no arbeidd vidare med i mellom anna Noregs vassdrags- og energidirektorat og Miljødirektoratet.

6. Stortinget ber regjeringa sikre at det innan 2025 er utarbeidd nasjonale verneplanar som særleg varetar område som i dag ikkje er verna i tilstrekkeleg omfang og med god representativitet, blant anna kulturlandskap, skog, våtmark og kystområde.


Ei viktig oppfølging av naturmangfaldmeldinga er at Miljødirektoratet i 2017 leverte eit forslag til plan for supplerande vern. Her samanlikna direktoratet kartlagde naturtypar dokumenterte i Naturbase, med manglar i kva vernet dekker av livsmiljø og samanheng mellom verneområde. Desse manglane var tidlegare avdekt i to forskingsrapportar frå NINA. Ut frå krav til minstestørleik og kvalitet, fann direktoratet 567 km² areal dei meinte burde inngå i ein vidare verneprosess. Deretter vurderte direktoratet heilt konkrete lokalitetar med natur vi må verne meir av for at vernet skal dekke alle livsmiljø. I juli 2020 fekk Miljødirektoratet i oppdrag å starte verneprosess for desse 275 områda, innafor ei arealramme på 600 km². I arbeidet med å finne fram til område kom Statsforvalterne med vurdering av 1300 aktuelle lokalitetar. Her var det også vurdering av 46 område som kunne bli nasjonalpark eller landskapsvernområde, eller utviding av eksisterande verneområde. Vurderinga gjaldt 10 heilt nye område, 36 moglege utvidingar, samt mogleg endring av verneform for 18 område. Desse områda har Miljødirektoratet no levert ei naturfagleg vurdering av, og ein gjennomgang av korleis kommunane stiller seg til eit eventuelt vern. Klima- og miljødepartementet vil no ta stilling til vidare prosess.

I skogen finnast meir enn 1100 trua arter og ei rekke trua naturtypar. I følge Artsdatabankens rødliste for artar er skogbruk ein viktig trusselfaktor for nær 1000 av desse artane. Skogvern er difor eit viktig tiltak for å nå dei to nasjonale måla om bevaring av trua artar og naturtypar og om representativ bevaring av norsk natur. Stortinget har vedtatt mål om vern av 10 prosent av skogen. Status pr. april 2021 er at det er verna om lag 5,1 prosent av skogen og om lag 3,9 prosent av den produktive skogen. Arbeidet med skogvern skjer i all hovudsak

ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Løyvingane til skogvern er betydeleg auka og har dei siste årene vore på over 400 millioner kroner årleg.

Regjeringa har i Meld. St. 29 (2020–2021) mellom anna varsla at den for marine verneområde vil ta sikte på å innan 2024 ha starta opp verneprosessar for dei resterande områda som inngår i verneplanen frå 2004, basert på kunnskapen vi har i dag om naturverdiar og relevant aktivitet. Det vil òg startast ein vidare prosess kopla til forvaltningsplanane for å vurdere korleis vi skal supplere verneplanen frå 2004 med ytterlegare område. Regjeringa vil også kartlegge marine område som er viktige for karbonlagring med sikte på bevaring.

Med helsing



Sveinung Rotevatn

